



Svein Grov

Dykkar ref. Sakshandsamar:
Linda Folkestad

Tjerngløtt 2
2050 JESSHEIM

Vår ref. Telefon
2011/2443 - 0 - 56375170
9349/2012

Arkivkode: Dato:
108/492 17.04.2012

Løyve til avkjørsle for 1 bustadeining, Gbnr.108/597.

Teknisk drift, VVA, har den 11.04.12 motteke søknad om avkjørsle for 1 bustadeining på Gbnr.108/597. Teknisk drift, VVA, har vurdert saka og vil gje løyve til avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining på følgjande vilkår:

- Avkjørsla skal opparbeidast slik at den tilfredsstillar dei tekniske krav til utforming som er fastsett i forskrift av 1964 om "alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg", vegnormal 017 og §§ 40-43 i Veglova. Det vert blant anna stilt krav til utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein kan snu på eigen grunn. På dei to første metrane skal avkjørsla ha eit fall frå kommunal veg på 2,5% (5cm). Forskrift av 1964 er tilgjengeleg på www.lovdata.no
 - Avkjørsla skal være plassert som vist på vedlagt kart, datert Teknisk drift, VVA, 17.04.2012.
- MERK:** Vegmynde har flyttet avkjørsle mot sør aust slik at siktforholda i avkjørsla mot nordvest vert betre. Ved ny plassering er minste krav til sikt i avkjørsla tilfredsstilt.
- Siktsone konstruert ved hjelp av ei sikttrekant målt frå eit punkt 4m inn i avkjørsla (målt frå kant kommunal veg) og minimum 30m til kvar side (målt langs kant kommunal veg).
 - Siktsoner skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla. Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
 - Under avkjørsla skal det leggast ned dreneringsrør med ei diameter på minimum 200mm. Dreneringsrøret skal leggast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.
 - Svingradius skal være slik at ein kan svinge til både høgre og venstre i kommunevegen. Svingradius er sett til minimum 3m.
 - Dersom avkjørsle er adkomst til garasje, forretning, driftsbygning eller regelmessig vert nytta til bilkjøring (adkomst til bustad/hytte) skal det utanfor vegområdet innrettast snuplass slik at rygging inn og ut frå kommunevegen unngåast.

Det er §§ 29-31 og 40-43 i Veglova, vegnormal 017 og forskrift av 1964 om "alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg som gjev lovheimel for at vegmynde skal setje krav til tiltak og avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på dei vilkår

som er nemnt ovanfor.

Vedtaket kan påklagast til kommunen jf lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påkla (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjenva.

Med helsing


for

Arne Eikefet
einingsleiar teknisk drift

Linda Folkestad

Linda Folkestad
saksbehandlar teknisk drift

Kopi til:
Einar Urheim
Sveinung A. Håkonsen



LINDÅS KOMMUNE
Teknisk drift VVA

17.04.12

Avlop felles	Terrengmålte grense	Industri lager
Drensløftning	Konstruert grensepunkt	Andre bygg
Overvann		
Pumpeledning spillvann	Bolig	
Pumpeledning vann	Bustad m/leilighet	
Spillvann	Vanningshus	
Vannledning	Større bustader	
Udefinert grenser	Hytte feriehus	
	Garasje uthus	

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.



Lindås kommune
VVA avdeling

Dato: 2012.04.17

Sig.: folk



N
1:500